


Frivilligstrategi Hyllestad kommune

*Natur for eventyr
Bygder for gode liv*



2025-2028



Vedteke i kommunestyret 20.05.2025 sak 25/031

1.0 Grunnlag

Å gjere noko aktivt, sosialt og meningsfullt styrkar menneska si psykiske helse. Dugnad og frivillig arbeid er ein viktig del av den norske kulturen og bidreg til levande lokalsamfunn og trivsel blant innbyggjarane.

Det skal vere kjekt og enkelt å drive frivillig aktivitet i Hyllestad. Kommunen skal vere støttespelar og leggje til rette for at lag og organisasjonar kan utøve frivilligheit til det beste for lokalsamfunnet og enkeltpersonar.

Frivillige lag og organisasjonar i Hyllestad opplev å ha gode arenaer for samarbeid, informasjonsdeling og dialog.

Arbeid med frivilligstrategien er støtta av Vestland fylkeskommune.

2.0 Bakgrunn

Kommuneplan samfunnsdel er det overordna styringsdokumentet for ei ønska samfunnsutvikling i Hyllestad. "Overordna mål er at kommunen skal ha varierte tilbod innanfor kultur-, idrett- og friluftsliv som motverkar utanforskap og fremjar psykisk helse for alle innbyggjarar og lokalsamfunn." Ein strategi for å nå målet er å "styrke samarbeide mellom frivillig sektor og det offentlege".

Det er fleire sentrale føringar på at kommunar bør utarbeide frivilligpolitikk. 1. juni 2015 la regjeringa fram Frivilligerklæringa som trekk opp grunnleggjande prinsipp og overordna mål for samspel mellom regjering, statlege styresmakter og frivillig sektor. Ein forskningsrapport frå 2020 viser at kommunar med vedtatt frivilligheitspolitikk samarbeider betre med frivillige organisasjonar. Frivillighet Norge og KS har på bakgrunn av dette utarbeida ein plattform for samspel og samarbeid mellom frivillig og kommunal sektor.

Lokal frivilligpolitikk styrkar samarbeidet mellom frivillige organisasjonar og kommunar. Difor har Vestland fylkeskommune lokal frivilligstrategi som ei viktig satsing i Regional plan for kultur, idrett og frivillighet (Vestlandfylke.no). Vestland fylkeskommune var første fylke som signerte eiga fritidserklæring (Fritidserklæringa Vestland).

Frivillighet Norge jobbar for at kvar enkelt kommune og fylke skal ha ein god og lokalt forankra politikk for å utvikle frivilligheita lokalt. Ein heilheitleg frivilligpolitikk bør vere ein del av kommunen sitt planverk og omfatte korleis kommunen legg til rette for frivillige organisasjonar og korleis kommunen og frivillige organisasjonar skal samarbeide (Frivillighetnorge.no). Forsking viser dessutan at det frivillige engasjementet aukar når det offentlege er gode tilretteleggjarar.

3.0 Føremål med frivilligstrategien

Frivilligheita er premissleverandør for kva ein frivilligpolitikk skal innehalde. Hyllestad kommune legg dei ti frivilligpolitiske boda utarbeidd av Frivilligheit Norge til grunn for arbeidet. Frivilligstrategien representerer Hyllestad kommune sin frivilligpolitikk. Hyllestad kommune sin frivillistrategi skal bidra til meir føreseieleg og langsiktig samspel mellom kommunen og frivillig sektor. Dette bidreg til at frivilligheita får utvikle seg til det beste for lokalsamfunnet og alle innbyggjarar.

Dei ti frivilligpolitiske boda

1. Kjenn frivilligheita i kommunen din
2. Vedta ein kommunal frivilligpolitikk på tvers av sektorar
3. Anerkjenn organisasjonar sin eigenverdi
4. Forenkling gjev meir frivillig innsats
5. Legg til rette for organisasjonar si utvikling
6. Skap dialog med organisasjonane
7. Anerkjenn og støtt opp om frivilligheita
8. Gi frie midlar
9. Ikkje konkurrer med organisasjonane
10. Skap føreseielege rammer

4.0 Prosess

Våren 2023 starta ein arbeidet med å kartlegge frivilligheita i kommunen. Sidan den gong har det vore gjennomført tre kontaktmøter mellom kommune og frivilligheita. Dette har vore viktige møteplassar for erfarings- og kunnskapsdeling mellom organisasjonane, samt viktig for at kommunen skal kunne hjelpe frivilligheita på ein hensiktsmessig måte. Kafèdialog og innspelsrunder gjennomført på desse møta lagar grunnlag for utarbeiding av frivilligstrategien.

Metode:

1. Kartlegging av frivilligheita i Hyllestad
2. Kontaktmøter med lag og organisasjonar
3. Utarbeiding av tiltak på bakgrunn av innspel frå frivilligheita

Undervegs i prosessen har Vestland fylkeskommune hatt fleire møter retta mot kommunar som er i gang med å utvikle lokal frivilligpolitikk. Dette har gitt svar på ein del spørsmål samt bidrege til inspirasjon og kunnskap på vegen mot ein eigen lokal frivilligstrategi. Våren 2023 fekk vi vedtak på tildeling av tilskot til utvikling av lokal frivilligpolitikk frå Vestland fylkeskommune på 48 000 kr. Innspel frå frivilligheita gjennom kontaktmøter og kafèdialog vart gjennomgått på årsmøte for Hyllestad frivilligsentral den 26.02.25. Forslag til Frivilligstrategi vart send til høyring til lag og organisasjonar i mars 2025.

5.0 Tiltak og ansvar

Tiltak

Ei opa dør: Hyllestad frivilligsentral er bindeleddet mellom frivilligheita og kommunen.

Kommunen stiller lokale og anlegg til disposisjon for frivillige lag og organisasjonar. Alle lag og organisasjonar kan låne møterom på kommunehus og i Hyllestadhallen gratis.

Kommunen informerer kontinuerleg om ulike tilskotsordningar og kan hjelpe til med søknadar og søknadsskriving.

Det er faste kontaktmøter mellom kommunen og frivillige: Frivilligsentralen held 1 - 2 kontaktmøter årleg for dei sju grendelagsleiarane og 1 - 2 kontaktmøter i året for alle frivillige lag og organisasjonar.

Kommunen er medlem av Invi som synleggjer alle lag og organisasjonar sitt arbeid og aktivitetar via [Foreiningsportalen](#).

Frivilligsentralen og evt andre aktuelle einingar synleggjer den frivillige ressursen gjennom [infoskjermar](#) i heile kommunen som deler informasjon til befolkninga på vegne av frivilligheit og kommune.

Kommunen har BUA utlånssentral som også inneheld utstyr som kun kan lånast av lag og organisasjonar (til dømes projektor og lerret).

Ein har gode og oversiktlege avtalar på bygg/område kommune og frivilligheit samarbeider om.

Kommunen vil revidere kommunale tilskotsordningar for frivillige organisasjonar og desse vert tilgjengeleg på foreiningsportalen med informasjon om retningslinjer og søknadsfristar.

For å søke kommunal støtte må organisasjonane syte for å til ei kvar tid halde informasjon og opplysningar om sin organisasjon oppdaterte på foreiningsportalen.

Hyllestad kommune har oppretta [Fritidsfondet](#) for å sikre at barn og unge frå familiar med svak økonomi kan søkje om stønad til organiserte fritidsaktivitetar.

Ansvar

Kommune

Kommune

Kommune

Kommune og lag og organisasjonar

Kommune og lag og organisasjonar

Kommune og lag og organisasjonar

Kommune

Kommune

Kommune

Lag og organisasjonar

Kommune